

Bekreftelse på veirett over 155/10 til areal som skal skilles
frå denne tomten.

Grunneier av:

Gnr.155 Bnr.10 adresse Lurevegen 576, 5912 Seim

Bekrefter følgende:


Ved fråskilling av areal som vist i søknad blir det gitt rett til å bruke eksisterande veg som går
til Gnr.155 Bnr. 51. Ny eigar skal ta del, praktisk og økonomisk i vedlikehaldsarbeid.

Eier av Gnr. 155 bnr. 10

Sign:


Erling Rosnes

Dato:







Byggmester Bjarte Monstad
Lurevegen 850
5912 SEIM

Referanser:
Dykkar:
Vår: 14/6512 - 14/20669

Saksbehandlar:
Linda Folkestad
Linda.Folkestad@lindas.kommune.no

Dato:
15.09.2014

Svar på søknad om flytting av eksisterande avkjørsle frå kommunal veg, gbnr 155/10, Monstad (Vollom)

Teknisk drift syner til brev datert 08.09.2014 vedkomande søknad om løyve til å flytte eksisterande avkjørsle frå kommunal veg, gbnr 155/10.

Vedtak:

Teknisk drift vil gje løyve til flytting av eksisterande avkjørsle på følgjande vilkår (standard krav):

- Avkjørsle skal være opparbeida slik at den tilfredsstillar tekniske krav til avkjørsle som er fastsett av vegdirektoratet i forskrift av 1964 om «alminnelige regler om bygging og vedlikehold av avkjørsler fra offentlig veg», Veglova §§ 40-43, samt vegnormal N100 (tidlegare handbok 017). Det vert blant anna sett krav til geometrisk utforming, sikt, svingradius, drenering under avkjørsle, samt at ein skal sne på eigen grunn. Siktzone kan ikkje nyttast til parkering eller hensetting av sikthindringar som er høgare enn 0,5m over kommunalt vegnivå.
- Ytterligere informasjon om tekniske krav finn ein på www.lovdatab.no (veglova og forskrift) og www.vegvesen.no (vegnormal N100).
- Avkjørsle skal være plassert som vist på vedlagt situasjonskart.
- Eksisterande avkjørsle skal fysisk stengast ved at der opparbeidast ei grøft med ei minimumsbredde på 1,0m. Grøft skal opparbeidast etter gjeldande regelverk.

Det er med heimel i Veglova §§ 40-43, forskrift av 1964 om «alminnelige regler om bygging og vedlikehold av avkjørsler fra offentlig veg», samt vegnormal N100 at vegmynde skal setje krav til avkjørsler frå offentlig veg. Vi gjer merksam på at løyve berre gjeld i høve Veglova med tilhøyrande regelverk og ikkje dei rettane De har ovanfor eventuelle grunneigarar.

Vi gjer merksam på at flytting av avkjørsle er søknadspliktig tiltak hos byggesak.



Klage:

Vedtaket kan påklagast til kommunen, jf lov om offentlig forvaltning. Klagefrist er 3 veker frå den dag De mottok vedtaket. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til den etat som har gjort vedtaket. I klagen skal det komme fram kva som vert påklaga (vedtaket) og kva endringar De som part ynskjer. Klagen skal grunnjevast.

Vilkår for å reise sak for domstolane om vedtaket:

Partane vert med dette gjort merksam på at søksmål om gildskapen av vedtaket eller krav om erstatning som fylgje av vedtaket, ikkje kan reisast utan at vedkommande part har nytta høve til å klage på vedtaket, og at klagen er avgjort av høgaste klageinstans som står open (fylkesmannen). Søksmål skal likevel i alle tilhøva kunne reisast når det er gått 6 månader frå klagen fyrste gong blei levert, og det ikkje er grunna forsømming frå klager sin side at klageinstansens avgjerde ikkje ligg føre, jf forvaltningsloven § 27 b.

Med helsing

Linda Folkestad
saksbehandlar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Kart

Kopi til:

Lindås kommune ved vegavdelinga
Lindås kommune ved byggesak